

**Gode kollegar!**

**Siste!**

## **Sjukehuspraksis allmennlege fysikalsk medisin**

I samband med at ein av legane ved FMR blir vekke ein lengre periode for å fullføre spesialisering knytt til fagområdet fysikalsk medisin og rehabilitering, tilbyr avdelinga allmenlegar med behov for sjukehuspraksis i seks månadar å komme til Fysikalsk Medisinsk Poliklinikk (FMR).

[Sjukehuspraksis som del av spesialisering for allmennlege fysikalsk medisin.pdf](#)

---

## **Endring av standardtekster fra osteoporosepoliklinikken**

Overlege Anja Myre Hjelle skriv i ein epost til PKO: "Vi har nå hatt en revisjon av prosedyrene på osteoporosepoliklinikken, og våre epikriser er dermed endret noe. Dette var dels fordi det var naturlig å endre etter at vi har fått en del erfaring siden forrige endring, og sett behov. Dels fordi vi har laget oppdaterte nasjonale prosedyrer"

[Endring av standardtekster fra osteoporosepoliklinikken.pdf](#)

---

## **Oppstart med osteoporosebehandling etter hoftebrudd.**

Fastlegar har oppdaga at pasientar etter innleggelse med hoftebrudd er sett på osteoporosebehandling i løpet av oppholdet på ortopedisk avdeling. Ikkje alltid har der vore gitt informasjonen om korleis behandlinga vidare skal handterast av fastlegen.

[Oppstart med osteoporosebehandling etter hoftebrudd.pdf](#)

---

## **Psykiatrisk klinikk flyttar**

Svein Ove Alisøy, avdelingssjef ved psykiatrisk klinikk har sendt epost til PKO og skriv: "Psykiatrisk klinikk flyttar til nytt bygg (Dagabygget) som ligg på vestsida av Førde sentralsjukehus, sjå vedlagt plan for flytting og korleis finne fram. Telefonnummer som før. DPS døgn på Tronvik vert avvikla 25.februar. Frå 26.februar vil rus døgn vere einaste tilbodet som er igjen på Tronvik."

Les meir om tilbodet i Dagabygget

[Psykiatrisk klinikk flyttar til nytt bygg Dagabygget.pdf](#)

[Finne fram - Dagabygget opnar for pasientar.pdf](#)

---

## Ledige stillingar ved Psykiatrisk klinikk for allmennlegar som treng sjukehuseneste

Svein Ove Allisøy - avdelingssjef ved psykiatrisk klinikk har sendt ein epost til PKO der han ma skriv: "Syner til møtet vi hadde 5.november 2020 der vi tok opp at vi gjerne tek imot legar frå kommunane som søkere til våre utlyste LIS stillingar og vi kan tilpasse tilsetjingsperioden til den tida dei treng. Vi kan tilby tilsetjing for t.d. 6 månader om dette er perioden dei treng som ledd i sin spesialisering. Vi skal frå 22.februar 2021 flytte inn i nytt bygg og skal i den samanheng etablere 2 nye sengepostar som er ny DPS psykosepost som kjem på plass i veke 9 og ny tryggleikspost som har planlagt oppstart mai 2021. I nybygget får vi 4 døgnpostar med tilsaman 41 døgnplassar og poliklinikk. Vi har 12 overlegar som går i bakvakt og plan om 10 delt vakt for LIS når alle stillingane er på plass. Eg har lagt ved utlysingstekst for ledige stillingar med søknadsfrist 14.02.21 og lenke under til der stillingane er utlyst på Helse Førde si internettside".

[Ledige LIS3 stillingar Psykiatrisk klinikk.pdf](#)

<https://helse-forde.no/jobb-med-oss-i-helse-forde>

---

## Diverse lokal informasjon om Covid-19 på samhandlingsidene

- bl.a. referat få møter i Taktisk samhandlingsgruppe – nyttig samhandlingsinfo til allmennlegar om Covid 19 handtering i Helse Førde området.

<https://samhandling-sfj.no/status-og-informasjon-om-samhandling-rundt-covid-19/>

## PKO kalender

### Kurs i akuttmedisin for legevaktspersonell

Nye datoar for kurs i mars 2021 er :

1. - 2. mars (24 kursplassar)

3. - 4. mars (3 kursplassar)

Frist for påmelding er 20. februar

[Kurs i akuttmedisin for legevaktspersonell](#)

### Diabetesforum 2021

Dato: 27.-29. april

Digitalt emnekurs til spesialitet i allmennmedisin

Diabetesforum vil for aller første gang gjennomføres som en digital konferanse. Konferansen er for helsepersonell som er opptatt av diabetesforskning eller jobber med personer som lever med diabetes.

Diabetesforum 2021 arrangeres av Diabetesforbundet i samarbeid med Helsedirektoratet.

[Diabetesforum 2021, 27.-29. april | Diabetesforbundet](#)

**Les meir på**

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

**Arkiv «Nytt frå PKO»**

<https://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/praksiskonsulentane/>

Med helsing

**Jan Ove Tryti, Anita Sørheim, Normund Svoen**

Praksiskonsulentar

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

[www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)

